



Sindre Foss Hopland
Seimsstranda 68
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2074 - 16/19339

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
05.07.2016

Avvising av mangelfull søknad om garasje - gbnr 173/25 Rydland

Tiltakshavar: Sindre Foss Hopland

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1, og 20-4

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av frittstående garasje med oppgjeve bruksareal under 70 m².
Det vert elles vist til søknad motteken 27.06.2016

Planstatus

Uregulert bustadområde i kommuneplan for Lindås 2011-2023.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Vatn og avløp (VA), tilkomst, avkøyrslø og parkering

Tiltaket fører ikkje til endra/ auka bruk.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Følgjande manglar er registrert:

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

Teikningsmaterieill

- Innleverte teikningar er svært utydelege og vanskelege å lesa.
- Innleverte situasjonsplanar er teikna på eit dårleg kartgrunnlag og er svært utydelege og vanskelege å lesa. Situasjonsplan skal teiknast på oppdatert situasjonskart i målestokk 1:500 levert av Lindås kommune.
- Arealutrekninga for loftet er gjort på feil grunnlag. Etter kommunen si vurdering er ikkje den viste plasseringa av hanebjelken nødvendig for den berande takkonstruksjonen. Totalt brukareal vert så stort at tiltaket ikkje kjem inn under søknad utan ansvarstett etter pbl § 20-4. Jf rettleiinga GRAD AV UTNYTTING kap. 3 og NORSK STANDARD NS 3940.

Dette er ikkje å sjå på som ei fullstendig liste over alle manglane i saka

Kommentar til estetiske forhold og bygningsutforming

Ark eller takopplett vert vanlegvis ikkje tillate på garasjar i Lindås kommune. Bygning skal ha ei utforming som passar til den funksjonen han skal ha. Det står i føresegnene til kommuneplanen pkt1.20 :

1.20 Nye tiltak skal innordne seg og tilpassast eksisterande bygg på eigedommen. Mindre tiltak skal ha same takvinkel og takform som hovudbygget. Det må vera tillate med knevegg ved yttervegg i bygg som ikkje skal nyttast til varig opphald. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 6.

Dette inneber ikkje at ein garasje sakal vera ein mindre kopi av hovudhuset, med gode og mindre gode bygningselement. Tal og areal på vindauger er også meir enn det som vanlegvis vert godkjent på garasjar og uthus. Dette er moment som vil bli vurdert dersom du sender inn ny søknad.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om oppføring av garasje avvist.

Avvisningsgrunnlag:

- Teikningane er ikkje tilfredsstillande
- Situasjonsplanane er ikkje tilfredsstillande
- Tillate bruksareal for søknad utan ansvarsrett etter pbl § 20-4 er overskride

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen

skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/2074

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

173-25_kart

Mottakarar:

Sindre Foss Hopland

Seimsstranda 68 5912

SEIM